



## Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Marit Persen Liknes	N - 245	17/156

Saksnr	Utval	Type	Dato
040/19	Hovudutval oppvekst/kultur	PS	19.11.2019
097/19	Formannskapet	PS	25.11.2019
121/19	Kommunestyret	PS	09.12.2019

### KARTLEGGING OG VERDSETTING AV OMRÅDER FOR FRILUFTSLIV I SVEIO KOMMUNE

#### Prenta vedlegg:

RAPPORT OM ARBEIDET MED PROSJEKTET KARTLEGGING AV VERDSETTING AV FRILUFTSLIVSOMRÅDER I SVEIO KOMMUNE  
Sveio\_Friluftslivsområder\_2019\_mstk80000\_A3

#### Saksopplysningar:

Rådmannen, <30.10.2019>

#### Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.:

Kartlegging og verdsetting av friluftslivsområder, rettleiar frå Miljødirektoratet – uprenta vedlegg.

#### Saksorientering:

I Hovudutval oppvekst og kultur sak 029/16 05.09.2016, vart det vedteke å gje rådmannen mandat til å gjennomføre kartlegging og verdsetting av områder for friluftsliv i kommunen. Hordaland fylkeskommune har ytt eit tilskot til arbeidet på til saman kr 90 000, der kr 60 000 har gått til sjølve kartleggingsarbeidet og kr 30 000 til digitalisering av resultat.

Det er Miljødirektoratet, gjennom fylkeskommunen, som har igangsett arbeidet med kartlegging av friluftslivsområda. Kartlegginga er gjennomført etter Miljødirektoratet si rettleiar M98-2013. Planen er ikkje ein juridisk bindande plan, men ein tematisk kartlegging. Grenser og vurderingar av områda er ein subjektiv vurdering arbeidsgruppa har gjort, med involvering av innbyggjarane. Denne er etterprøvbar og om andre vurderer på ein annan måte ved eit seinare høve, vil kommunen som eigar av dataene stå fritt til å revidere kartlegginga. Dette kan gjerast ved å sende inn nytt eigenskapsskjema eller



SOSI-fil med endra geometri. Planen skal vere eit levande dokument og som følgje av det er det naturleg å foreta ein revisjon av planen med jamne mellomrom. Då kan endringar fangast opp og nye vurderingar kan då føre at det vil bli tatt ut områder frå planen og/eller lagt til nye.

Arbeidet er eit ledd i ein strategi for å ivareta og utvikle gode forhold for befolkninga sitt friluftsliv i nærmiljøet og naturen elles. Målet er at kommunen skal:

- sikre friluftslivsområder for dagens og framtidas brukarar
- ivareta og utvikle god tilgang til friluftslivsområder
- ivareta og utvikle god tilrettelegging for friluftsliv

Utover dette skal kartlegginga bidra til å gje forutsigbar arealplanlegging og gje grunnlag for utarbeiding av kommunens arealdel, handsaming av enkeltsaker og konsekvensutgreiing, søknad om spelemidlar og sikringsmidlar, utarbeide sti – og løypeplanar, sikra målretta innsats for å betre tilrettelegginga for friluftsliv og gje ein målretta forvaltning av friluftslivsområder.

Forhåpentlegvis vil kartleggingsarbeidet vidare føre til at ein unngår «bit for bit» utbygging og fragmentering av områder og sikre at dei viktigaste områda og arealgrunnlaget for mangfald av aktivitet blir tatt vare på.

Arbeidet med kartlegging og verdisetting har vore annonsert i lokalavis og på kommunen si facebookside og nettside. Elevar på alle skulane i Sveio, i eit utval av klassar, har vore viktige ressursar i kartleggingsarbeidet. Metoden «Barnetråkk» har vore nytta og svarprosenten var høg. I «Barnetråkk» har elevane kunne teikne inn i eit kart over heimstaden og skuleområdet sitt, dei områda for opphald, stadane for leik, ferdselsårane til og frå vener og skule og anna som er viktige områder for dei i kvardagen. Det har også vore anledning til å skrive inn opplysningar i registreringa. Frivillige lag og organisasjonar og eldsjelar frå heile kommunen, har bidratt med opplysningar om viktige områder nær der dei bur og ferdast.

Opplysningane er systematisert, analysert og kartfesta av ei arbeidsgruppe med representantar frå plan og næringsavdelinga og kulturavdelinga. Arbeidsgruppa har vidare kategorisert friluftslivsområda i områdetypar: nærturterreng, leike- og rekreasjonsområde, grønkorridor, mark, strandsone med tilhøyrande sjø og vassdrag, jordbrukslandskap, utfartsområde, store turområde med tilrettelegging, store turområde utan tilrettelegging, særlege kvalitetsområde og andre friluftslivsområde.

Etter at gruppa har gjort opp status over kartlegginga, er områda ved hjelp av skjema, verdsett i følgjande verdiklasser: svært viktig-, viktig- og registert friluftslivsområde. Verdsettingskriterier som er nytta er brukerfrekvens, regionale og nasjonale brukarar, opplevingskvalitet, symbolverdi, funksjon, egnetheit, tilrettelegging, kunnskapsverdiar,



lydmiljø, inngrep, utstrekning, tilgjengelegheit og potensiell bruk.

Sveio kommune har ikkje egne ressursar som kan gjere digitaliseringsarbeid, derfor har Bergen og omland friluftsråd (BOF) bistått kommunen for å gjennomføre denne delen av prosjektet og kr 30 000 frå løyvde midlar er overført BOF.

**Økonomiske konsekvensar:** ikkje vurdert

**ROS-analyse:** ikkje vurdert

**Uttale frå barnerepresentanten etter pbl.:** ikkje vurdert

**Vurdering – folkehelse:** ikkje vurdert

**Vurdering – miljø:** ikkje vurdert

**Vurdering:**

Resultata frå ei undersøking som Kartlegging og verdsetting av friluftslivsområde, skal gje utvida kunnskap om bruken av friluftslivsområder. Vidare skal ein kunne få informasjon om omfang og mønstre i høve kva områder som er i bruk av befolkninga når dei er aktive, utover det vi har kjennskap til i dag. Vidare skal kartlegginga gje nyttig informasjon om kva behov det er for tilretteleggingstiltak og manglande informasjon. Kartlegginga skal kunne gje auka kunnskap om t.d. behov for å auke eller redusere ferdsel, redusere og førebyggje slitasje, tiltak for å tiltrekke nye brukarar eller at ein ønskjer å leggje til rette for nye aktivitetar som kommunen ikkje har tilbod om. I kartlegginga har det vore viktig å få registrert områder som har potensiale for friluftslivsbruk og områder som er tilpassa viktige funksjoner for friluftslivet, til dømes moglege passeringskorridorar (til/frå skule/barnehage/butikk o.s.v.), når områda fungerer som del av eit turterreng (til dømes vinterbruk av golfbane) og når bruken av eit område har sterkt innslag av leik.

I eit folkehelseperspektiv er det viktig med god tilgang til nærturområde. Staten har som mål at alle innbyggjarar skal vere fysisk aktive i minimum 30 minuttar kvar dag. Det er sett eit mål om at det ikkje skal vere meir enn 500m å gå til ein turløype/-sti, som tek minimum 30 min. Avstanden til der folk bur er avgjerande for aktivitet, men tilgang vil også variere etter kva områdetypar ein har. Områdetypar er t.d. nærturterreng, leike- og rekreasjonsområde, grønkorridor, marka, strandsone osv. Born og vaksne vil ha ulike aksjonsradius, noko som bør vurderast når ein planlegg tilrettelegging. Born og unge har kort aksjonsradius: førskuleborn har normalt ein radius på under 100m og 10-åringen beveger seg sjeldan meir enn nokre hundre meter frå eigen husvegg.

I kartlegginga som er gjennomført for kommunen, har det vore viktig å få med friluftslivsområda nært der folk bur og ferdast.

Den samla kartlegginga kan avdekke kunnskap om områder, som er spesielt viktige og spesielle. Ein bør sjå nærare på desse områda og vurdere om statleg sikring, kan vere eit



rett tiltak, for å sikre framtidig bruk for ålmenta. Pr. i dag er det fem friluftområder i Sveio kommune, som er statleg sikra: Ryvarden, Leirvåg, Holsvika, Selsåsvika og Slettene.

Miljødirektoratet rår til at det i eiga sak bør gjerast greie for kva oppfølging kommunen ser for seg og i kva samanheng det nye kunnskapsgrunnlaget skal nyttast. Det blir oppfordra til å vurdere om det er nyttig å gjere vedtak om innarbeiding av temakartet i kommunen sitt kart- /GIS-verktøy og at kunnskapen blir lagt til grunn saman med kunnskapsgrunnlaget ein elles har i utarbeiding av planar og ved handsaming av enkeltsaker. Vidare blir det rådd til at det blir gjort vedtak om korleis ajourhald og oppdatering av temakartet skal setjast i system.

Kartlegging og verdisetting av friluftslivområder i Sveio kommune blir ein temaplan i kommuneplanen for Sveio, gjeldande i perioden 2020-2032. Ein legg til grunn at planen som no blir presentert, skal rullerast kvart 4. år.

I og med at kartet ikkje representerer juridiske grenser, er denne saka viktigast som ei orienteringssak. Temakartet skal gje oversikt og ei vurdering av friluftslivsområda i kommunen. Registreringa som er gjort i Naturbase (Miljødirektoratet), som det ferdige resultatet av prosjektet, er eit krav sett i høve søknad om framtidige tilskotsmidlar.

#### **Framdriftsplan:**

1. Førebu politisk sak i høve kva oppfølging kommunen ser for seg av kartlegginga og verdsettinga som er gjort, og sjå på i kva samanheng kunnskapsgrunnlaget skal nyttast. Kan vere søknad om sikring av friluftslivsområder og/ eller søknad om tilretteleggingstiltak på friluftslivsområder.
2. Vurdere innarbeiding av data i kommunen sitt kart-/GIS-verktøy, ved utarbeiding av planar og i ved handsaming av enkeltsaker.
3. Utarbeide ei tilråding om korleis ajourhald og oppdatering av temakart skal setjast i system.

#### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

1. Plan for Kartlegging og Verdisetting av friluftsområder med pdf-versjon av kart frå Naturbase blir tatt til orientering.
2. Politisk sak med tilråding om oppfølging og i kva samanheng kunnskapsgrunnlaget skal nyttast, skal utarbeidast i løpet av våren 2020. Saka skal inkludere ei tilråding om korleis data skal innarbeidast i kommunale planar og enkeltsaker. Saka skal vidare innehalde forslag til korleis ajourhald og oppdatering av temakart skal setjast i system framtida.



## Rådmannen sitt forslag til vedtak:

1. Plan for Kartlegging og Verdsetting av friluftsområder med pdf-versjon av kart frå Naturbase blir tatt til orientering.
2. Politisk sak med tilråding om oppfølging og i kva samanheng kunnskapsgrunnlaget skal nyttast, skal utarbeidast i løpet av våren 2020. Saka skal inkludere ei tilråding om korleis data skal innarbeidast i kommunale planar og enkeltsaker. Saka skal vidare innehalde forslag til korleis ajourhald og oppdatering av temakart skal setjast i system framtida.

### Hovudutval oppvekst/kultur - 040/19

#### **HOK - behandling:**

**Røysting:** Hovudutval oppvekst og kultur vedtok samrøystes rådmannen framlegg til vedtak.

#### **HOK - vedtak:**

Hovudutval oppvekst og kultur si tilråding til formannskapet:

1. Plan for Kartlegging og Verdsetting av friluftsområder med pdf-versjon av kart frå Naturbase blir tatt til orientering.
2. Politisk sak med tilråding om oppfølging og i kva samanheng kunnskapsgrunnlaget skal nyttast, skal utarbeidast i løpet av våren 2020. Saka skal inkludere ei tilråding om korleis data skal innarbeidast i kommunale planar og enkeltsaker. Saka skal vidare innehalde forslag til korleis ajourhald og oppdatering av temakart skal setjast i system framtida.

### Formannskapet - 097/19

#### **FOR - behandling:**

Ingen tok ordet i saka.

**Røysting:** Samrøystes.

#### **FOR - vedtak:**



**Formannskapet si tilråding til kommunestyret:**

1. Plan for Kartlegging og Verdsetting av friluftsområder med pdf-versjon av kart frå Naturbase blir tatt til orientering.
2. Politisk sak med tilråding om oppfølging og i kva samanheng kunnskapsgrunnlaget skal nyttast, skal utarbeidast i løpet av våren 2020. Saka skal inkludere ei tilråding om korleis data skal innarbeidast i kommunale planar og enkeltsaker. Saka skal vidare innehalde forslag til korleis ajourhald og oppdatering av temakart skal setjast i system framtida.

Kommunestyret - 121/19

**KOM - behandling:**

Spørsmål frå Mikal M. Hovda (H):

Blei sak HOK-029/16 behandla i kommunestyret?

I saka står det at "[a]rbeidet med kartlegging og verdsetting har vore annonsert i lokalavisa og på kommunen si facebookside og heimeside". Var denne annonseringa før eller etter at kartlegginga og verdivurderinga var gjort?

Svar frå rådmann: Denne saka gjekk berre til HOK, då den var til politisk behandling i sak 029/16. Annonsering i Vestavind blei gjort 26. januar 2017, slik at det kunne komma innspel til arbeidet med kartlegging av friluftsområde. Svarfrist var 13. februar 2017. Av erfaring veit ein at ein kan få lite innspel ved å berre brukka ei avisannonse. Ein skreiv derfor til ulike lag og organisasjonar, då ein har vore avhengig av innspel for å gjera ei god kartlegging. Dei fleste blei kontakta pr. e-post, men òg nokre med brevpost. Veldig mange velforeiningar, båtforeiningar, idrettslag, grunneigarlag og andre organisasjonar med interesser for friluftsliv blei kontakta.

Framlegg frå Mikal M. Hovda (H) til vedtak:

*Saka blir utsett. Temaplanen blir lagd ut til høyring og deretter behandla i HOK og HTN, før planen blir fremma i kommunestyret.*

**Røysting:** Formannskapet si tilråding blei halden opp mot Hovda sitt forslag. Sistnemnde blei samrøystes vedtatt.

**KOM - vedtak:**

Saka blir utsett. Temaplanen blir lagd ut til høyring og deretter behandla i HOK og HTN, før planen blir fremma i kommunestyret.



Sveio kommune